



Flatøy, 02.12.2023

REFERAT FRÅ STYREMØTE nr.7/23 i 4H Hordaland

Dato:	01. og 02. desember
Klokka:	18.00-20.00, 10.00-12.00
Stad:	Heime hos Turid Sandstad Herland

Desse møtte til styremøte:

Fylkesstyret med vara: Sofie Ljones, Synne Røthe Sandal, Steffen Stråtveit, Marius Skar Kolås og Hjalmar Ølvestveit

Tilsette: Turid Sandstad Herland

Frå alumnklubben: Nicolaj Disselhorst

Referatet er sendt til desse for orientering:

Kontrollnemnda: : Elin Klette, Ida Marlen Havn og Martha Gjerald

SAK 110/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 110/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 111/23	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 112/23	Orienteringssaker
SAK 113/23	Økonomioppdatering
SAK 114/23	Årets klubb 2023
SAK 115/23	Årsplan 2024-2025-2026
SAK 116/23	Budsjett 2024-2025-2026
SAK 117/23	Årsmelding 2023
SAK 118/23	Ansvarfordeling årsmøte 2024

SAK 119/23	Instruktørsamling 2024
SAK 120/23	Ymse
SAK 121/23	Saker til neste styremøte

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAK 111/23 Godkjenning av referat frå førre fylkesstyremøte

Vedlegg: Referat fylkesstyremøte 6_23

Vedtak: Fylkesstyret godkjenner referat frå det 6. fylkesstyremøtet.

SAK 112/23 Orienteringssaker

Tiltak	Orientering	Ansvarleg
Suppleringsval på styremedlem – skrivar (1 år)	Agnete Flatnes Skarveland trekk seg som medlem av fylkesstyret etter årsmøtet i februar. Ho har eigentleg eit år igjen, og det vil derfor bli sett opp eit suppleringsval på hennar verv.	Heile styret
Møte med Odda 4H	15. november hadde Odda 4H sitt første medlemsmøte. 10 medlemmar deltok. Turid deltok på vegne av fylket. Det er i dag 11 medlemmar i klubben.	Odda 4H
Informasjonsmøte om ny 4H-klubb i Molvik	16. november blir det arrangert eit informasjonsmøte om ny 4H-klubb i Molvik. 4H-klubben skal ha tilknytning til 4H-garden i Molvik.	Molvik 4H-gard

	Det er i dag 4 medlemmar i klubben. Klubben heiter Ostereidet 4H.	
Plakettfest	Plakettfesten vart gjennomført 4. november i Kløvertun i Os. Sofie, Turid, Janniche og Marius deltok.	Heile styret
Årsmøte og julebord med H.A.N.S.A	11.november var det årsmøte og julebord med H.A.N.S.A. Hjalmar, Janniche og Steffen deltok frå fylkesstyret. Nicolaj er nyvalt leiar. Alumnklubben planleggjar meir aktivitet i 2024, og skal ha første styremøte over nyttår.	H.A.N.S.A.
4H landsleirgenser	I november vart 4H Landsleirgenser lansert i nettbutikken til Hillesvåg. 4H Hordaland og hovudkomitèen til landsleir 2024 er veldig stolt og glad over samarbeidet med Hillesvåg i arbeidet med å designe ein eigen strikkegenser til landsleir 2024.	Hovudkomitèen til landsleir 2024
Juniorprell 2024	26.-28.januar arrangerer 4H Hordaland juniorprell på Mjølfjell. Steffen jobbar med å skaffe folk og lage program. Det blir plass til 16 medlemmar i tillegg til leiarar.	Heile styret
Inspirasjonssamling	Sofie og Turid tek ansvar for inspirasjonssamlinga i februar.	Sofie og Turid

	<p>Dei kontaktar fylkesstyret om dei treng hjelp med noko.</p> <p>Dei har kontroll. Turid skal ha møte med Jean Phillip og ho skal snakke med Lisa Jonetta om landsleir.</p>	
Prosjekt lærerike opplevingar	<p>Leif-Helge gjer ei siste oppdatering på prosjekt lærerike opplevingar. Prosjektet blir avslutta i utgangen av 2023.</p> <p>Prosjektet er i ein slutfase. Leif-Helge jobbar med at 4H klubbar skal få same prisar vidare i 2024. Flettemamma, Hado og e-sport Bergen vil fortsetje samarbeidet.</p>	Leif-Helge
Molvik 4H-gard	<p>Steffen orienterar om kva som skjer på 4H-garden i Molvik.</p> <p>Det er no toppsesong med mange julemesser. 4H-garden planleggjar nytt sprell til under open himmel 2024. Molvik 4H gard skal også samarbeide med turlaget på under open himmel 2024.</p>	Steffen
Landsleir 2024	<p>Synne orienterar om arbeidet med landsleir 2024.</p> <p>Landsleirgensen er klar. Hovudkomitèen hadde digitalt</p>	Synne

	<p>møte 21. november, og skal ha eit nytt 19. desember.</p> <p>Diverse aktørar sponsar leiren:</p> <p>77 000 kr frå SR-Bank</p> <p>100 000 kr frå Sparebankstiftelsen Hardanger</p> <p>120 000 kr frå Vestlands Fylkeskommune</p>	
Oppdatering medlemstal	Pr. dags dato er det 905 medlemmar i 4H Hordaland. 4H Hordaland har no medlemsvekst, hurra!!	Heile styret
Tilskot frå Sparebanken Vest	Me har fått tilskot frå Sparebanken Vest til styreversopplæring. Me mottek tilskotet på eit arrangement i Knarvik 7.desember.	Heile styret

SAK 113/23 Økonomioppdatering

Vedlegg: Økonomioppdatering desember

Sofie orienterar om økonomioppdateringa på vegne av Janniche. Tek utgangspunkt i vedlagt fil.

Vedtak: Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.

SAK 114/23 Årets klubb 2023

Kvart år kårar 4H Hordaland ein 4H-klubb til årets klubb. Fylkesstyret les gjennom årsmeldingane klubbane legg inn i medlemsregisteret og brukar dette som ei vurdering for kven som skal bli nominert og vinne.

Vedtak: Årets klubb blei kåra og blir offentleggjort på årsmøtet 2024.

SAK 115/23 Årsplan 2024-2025-2026

Vedlegg: «Årsplan og kalender 2024», «Årsplan og kalender 2025», «Årsplan og kalender 2026»

På førre fylkesstyremøte vedtok fylkesstyret forslag til årsplan for 2024, 2025 og 2026. No har me fått beskjed frå ein arrangør som ikkje har moglegheit til å halde eit kurs i 2025. Fylkesstyret må gjere nokre endringar, og godkjenne årsplanane på nytt.

Vedtak: Fylkesstyret vedtar forslag til årsplan 2024-2025-2026 med endringar.

SAK 116/23 Budsjett 2024-2025-2026

Fylkesstyret må på nytt gå gjennom budsjetta for 2024, 2025 og 2026, slik at dei er klare til å leggjast fram for godkjenning på fylkesårsmøtet. Forslaga til budsjett ligg på Teams, og vil bli presentert på fylkesstyremøtet.

Vedtak: Fylkesstyret tek budsjettet opp til godkjenning på fylkestyremøte 19. januar 2024.

SAK 117/23 Årsmelding 2023

Årsmeldinga for 2023 skal bli ferdigstilt innan fylkesstyremøtet slik at fylkesstyret kan godkjenne den. Den blir dermed klar til å leggjast fram for godkjenning på

fylkesårsmøtet. Årsmeldinga vil bli tilgjengeleg på Teams i forkant av fylkesstyremøtet.

Vedtak: Ferdig forslag til årsmelding skal vere klart 8. januar 2024. Årsmeldinga blir teken opp igjen til godkjenning på neste styremøte.

SAK 118/23 Ansvarsfordeling årsmøte 2024

Vedlegg: Ansvarsfordeling og hugseliste årsmøte 2024

Vedtak: Fylkesstyret godkjenner forslag til ansvarsfordeling årsmøte 2024.

SAK 119/23 Instruktørsamling 2024

20. januar 2024 skal 4H Hordaland arrangere instruktørsamling for dei som skal halde kurs på styrevervskurset i 2024. Fylkesstyret må finne ein stad i nærleiken av Bergen der dette kurset kan vere.

Vedtak: Sofie finn plass til samlinga og informerer kursadministratorane Elisabeth Haagenen og Silje Lilleås om dette.

SAK 120/23 Ymse

SAK 121/23 Saker til neste styremøte

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Godkjenning av referat frå sist styremøte
- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte
- Godkjenning av årsmelding 2023
- Godkjenning av budsjett 2024-2025-2026

